



*I trappene opp mot Skålatårnet med minstemann i "meisbagen".  
Foto: Anne Jørgensen Bruland*

## Barn inga hindring

*Av Oddbjørn Bruland*

**“Barn inga hindring” er ei vanleg frase i mange desperate menn sine kontaktannonser, brukt i den tru at barn blir oppfatta som eit hinder. Eit hinder for kva?**

Dette er for så vidt ei kontaktannonse det òg, men ikkje i vanleg forstand. Det er fjellet det vert søkt kontakt med. I enkelte livssituasjonar kan det virke like uoppnåeleg som kvinna i eins liv. Når mor og far trivst til fjells og best på toppane og helst saman, kan barn ofte bli oppfatta som ei hindring. ”Denne helga er det din tur, du kan gå på tur neste, blir det dårleg vær sa du...., ja, ja det finst no eigentleg berre dårlege kler.” Kjenner du deg att og har du nokon gong ønskt deg eit betre alternativ? Eirik Ask vart fødd 30. april, og det kunne sjå dårleg ut for fjellturar denne sommaren. Når du er tre månadar gamal er pupp og soving det

du stort sett bryr deg om. Ein tur i barnevogna kan gå an, men den norske fjellheimen eignar seg lite for slikt framkomstmiddel. Bære-meisen er du for liten til og i juli byrjar føret bli dårleg for fjellpulken. Er det mogleg å kombinere pupp, soving og fjelltur på ein måte som er overkomeleg både for den som bær og den som blir boren?

Ei meis frå gamle Bergans kombinert med barnevognsbagen, ei improvisert feste-anordning og sikringsnett var eit forslag som tilsynelatande kunne løyse problemet. Prototypen vart testa og modifisert under kontrollerte forhold. Erfaringane tilsa at kanskje barn ikkje var til noko hinder, i alle fall ikkje babyen. Kva med Andreas Brutus på 6 år, kor langt og bratt orkar han å gå i år? For to år sidan gjekk han til Skogadalsbøen.



*Endeleg framme ved tårnet på toppen.  
Foto: Anne Jørgensen Bruland*

Først til neste raude merke var det som bar han fram då, blir det like enkelt i år?

Kjært barn har mange namn "Noregs lengste motbakke" er eit av dei som blir brukt på Skåla. Det skal koste slit å bestige dronninga av Nordfjord, men når ho er i rette lunet er det få som gjev meir igjen for strevet. Å vakne med ho ein tidleg morgon og sjå sola stå opp i horisonten langt vest i havet og lyse opp Jostedalbreen og det vakreste Noreg har av fjell, ja, då gløymer du raskt støle lemer og ledd. Har du opplevd dette ein gong, gløymer du henne aldri og du vil alltid lengte tilbake. Lengte nok til å trasse motbakken med ei meis, ein bærebag, ein baby og det som ellers må til. Som dronningar flest er ho lunefull, faktisk så lunefull at ho har teke liv. Så med ein tre månadar baby i følgje må ein vere trygg på kva lune ho er i.

Då høvet baud seg var vi sju som la i veg. Med tanta som er helsesøster i laget, følte vi, trass i ein irrasjonell tvil, at vi opererte innan forsvarlege grenser. Etter ein overdose pupp i starten var det ikkje mange stega før pusten tyda på at Eirik sov godt bak i bagen. Jamne sjekkar tilsa at han ikkje hadde det så verst der han låg. Rugginga måtte vere bortimot optimal for sjeldan hadde han sove så godt og så lenge tidlegare.

Fint sommarvær betyr varme og varme betyr sveitte i bakkane opp mot Skåla. Bekken vart meir og meir innbydande, ikkje berre på grunn av den ustettlege tørsten. Sjølv ikkje tanken på at vatnet berre få timar tidlegare var i fast form, døyvde trongen til eit avkjølande bad. For 6-åringen var slike pausar og den "gale" tanta reine vitamininnsprøytinga. Ein tilsynelatande endelaus motbakke er ikkje veldig motiverande når du berre har halvparten så lange bein som desse masande vaksne du må gå ilag med. Kreftene er ikkje problemet, utfordringa ligg i å halde motet oppe. Tett med pausar, litt sjokoladesmøring og drikke hjelp. Likso historier langs vegen om huldra og nøkken som kanskje venta under brua, og etterkvart om tårnet på toppen. For dei som ikkje kjenner denne vart tårnet bygd i 1891 etter initiativ frå distriktlegen i Innvik, Dr. Klaumann. Tuberkulosesanatorium var visjonen som fekk loerane og folk frå indre Nordfjord til yte både pengar og arbeidsinnsats. Stort friskare luft finst vel knapt og denne skulle hjelpe. Pasientane skulle fraktast opp med hest og difor måtte dei uframkomelege urane, ordnast for hest. Kor mange heller som er lagt og trappetrinn det vart til er usikkert, men det og tårnet med sine meter tjukke veggjar i to etasjar og vel sju meter i diameter, 1848 moh er mildt sagt imponerande. Det var vel aldri brukt som sanatorium og enno har ingen hest vore på toppen, men loerane sin innsats var likevel ikkje fãnyttas, i dag er tårnet den mest sãrprega turistforeningshytta i Noreg.

Forventningane til 6-åringen steig og humøret vart betre og betre etter kvart vi nærma oss. Til slutt var han vegvisar for mora. Breane har minka sidan hellene vart lagt ned, og i ura som no har dukka fram passa han på at mora fann trygg grunn for føtene "mamma denne steinen er laus, gå på denne du..." så dansa han vidare og etter vel 6 timar var han på toppen. Eirik hadde utanom to puppepausar, sove heile vegen. Vi følte oss ganske sikre på at vi kom til å bli åleine i tårnet i natt. Natta til ein måndag utanom fellesferien. Vi kunne ikkje ta meir feil. Sjølv om vi møtte fleire på veg ned enn ein kan forvente sjølv ein fin søndag, var der enno åtte andre igjen som alle hadde tenkt å overnatte. Reaksjonen deira på at det dukka opp ein baby var blanda, om det var med tanke på fare for eigen nattesøvn eller på ungen si velferd er usikkert. Tårnet har offisielt soveplass til dryge 20 personar, så enno var det ikkje noko problem, men vi var langt frå dei siste. Til slutt var vi 25. Det nederlandske paret som med sine to barn, var blant dei åtte første, hadde tydelegvis som oss rekna med å få tårnet for seg sjølv natta til ein måndag. Dei vart surare og surare og rekvirerte



*Morgonen kom tidleg for nokre...  
Foto: Oddbjørn Bruland*

i syrska ei heil køye eller 1/3 av sengeplassen for seg og sine, sidan såg vi ikkje meir til dei. Skulle tru dei var vande til å ha det trongt der dei kjem frå. Sjølv ikkje ein fantastisk solnedgang retta på humøret deira. Med eit snev av tilpassingsevne er ikkje trengsel noko problem. Heller ikkje nattesøvnen vart uroa. Litt pupp og Eirik sov som ein stein heile natta. Dr. Klaumann hadde rett, fjellufta har si virkning.

*Solnedgangen legg sitt gylne slør over Skålatårnet og Nordfjord. Foto: Anne Jørgensen Bruland*





På vei opp mot Okla i Gjevilvassdalen. Foto: Anne Jørgensen Bruland

## Slik gjør du turen med barna til en god opplevelse

Det viktigste for å få til en vellykket tur med barna er at den er lagt opp på deres premisser! Ta dem gjerne med når turen planlegges. Fortell om hva dere skal gjøre, hva som blir morsomt, utfordrende osv. Legg inn minst en spennende aktivitet som du vet slår an. Ikke bekymre deg for alt du skulle ha gjort hjemme. Husk at ditt turengasjement smitter! Her finner du en rekke tips om hvordan turen skal bli vellykket.

### Vær vennlig, men bestemt

Ikke presenter turen/uteaktiviteten som noe barna kan velge å bli med på eller ikke. Det er de voksnes ansvar å få de unge ut! De voksne har også ansvar for å vise hvilke muligheter naturen byr på både for tradisjonelle og spennende friluftslivsaktiviteter.

### Beregn god tid

Beregn god tid på turen og legg opp til korte turer om ikke barnet er vant til å gå på fjelltur. La barnet bestemme tempoet. Ta pauser – barn liker å gå mer i ”rykk og napp” enn voksne. Første pause bør være etter ca 10 min. for å regulere klær, drikke litt, og evt legge på ny smørning hvis skia fungerer dårlig.

Finn på leker og bruk varder, bekker og småtopper som delmål underveis. Hvem kommer først til den store varden?

Ha et klart turmål – gjerne en topp, et vann, en hytte el. lignende.

Bli enig på forhånd om hva som er turmålet, og prøv å nå det. ”Yes, jeg klarte det”-følelsen er deilig både for unge og eldre. Legg opp til en rundtur hvis det er mulig. Det er mer motiverende enn en tur hvor man skal gå fram og tilbake. Bli enig med barna om hvordan dere skal gå. Er det lov å gå fra hverandre? Hvor og når skal dere i tilfelle samles igjen? Bruk kart og kompass aktivt.

Studer kartet hjemme. Sjekk kartet underveis – la gjerne barna prøve å finne ut hvor de er.

### Pakk riktig klær og utstyr

Det er viktig å være godt kledd, men med altfor mye klær blir man lett passiv. Husk lue – minst 50% av varmen forsvinner her, og lua kan lett tas av/på. Vindtett tøy og gode sko er også viktig på fjelltur. Ha med varmt ekstra tøy i sekken, men ikke gi barnet for tung sekk. På skiturer er det viktig å ta med (og bruke) riktig skismørning. Bakglatte ski ødelegger lett turen!

### Juks litt på forhånd

Finn fram turutstyr som ikke brukes så ofte for du presenterer turen for barna. Fokus her er å få barna ut – ikke å lære dem å lete huset igjennom etter gamasjer, primus osv. Sørg for at nødvendige innkjøp er gjort på forhånd slik at dere slipper å stoppe ved kjøpesentret. Da ender ofte turen der.

### Snakk sammen underveis

Ofte er det lett å snakke med barna om ulike ting som opptar dem når man er ute på tur sammen. Snakk om nye turer dere kan ta. Fokuser på positive ting. Ikke snakk for mye om at dere er slitne, at myggen biter osv.

### Ligg i forkant

Ta pause før barna er utslitt, gi dem drikke før de er uttørket og så videre. Kamufler gjerne pausene som kartsjekkstopper, naturtitting osv. Pass på at barnet drikker og spiser ofte nok. Mange små rosinstopp er bra. Sjekk også at barna verken er for varme eller kalde. Selv reagerer de altfor seint på slike ting. Barn veksler mye raskere enn voksne mellom å være kalde og varme.

### Gjør barna oppmerksomme på naturens mange mysterier

Vis dem spennende ting i naturen som dyrespor, hakkespetthull osv. Ta gjerne med en kikkert og sporbok.

### Gjør matpausen til en hyggelig happening

Lag gjerne bål, eller ta med en primus. Husk at sunn mat som f. eks ostesmørbrød eller suppe smaker godt på tur. Ikke stapp barna fulle av sjokolade - spis noe som både er sunt og godt.

### Delta på lek og aktiviteter

Ikke overstyr barnas aktivitet, men delta – barna digger det. Finn gjerne på noe sprøtt. Barnslige ting er ikke så barnslige hvis voksne er med. Husk også at det er morsomt å ha med seg en venn eller tre på tur!



## Barnas turregler

Barnas Turlag har laget noen enkle turregler. Alle foreldre eller voksne som skal ha med barn på tur bør lære seg disse.

1. Alle barn kan gå på tur
2. Vi vil gjerne ha med en venn
3. Vi vil være med å planlegge turen
4. Vi har lyst til å gå foran og bestemme farten
5. Vi vil ha tid til å leke og oppleve spennende ting underveis
6. Vi vil ha tid til å snakke om det vi ser og opplever på turen
7. Vi vil ha no' godt på toppen
8. Vi vil kose oss om kvelden når vi er på overnattingstur
9. Vi vil ikke være frosne, våte eller redde

Flere tips og artikler finner du på:  
[www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no)